"Vi har vært igjennom et par av de kaldeste og tørreste vintrene på mange år og dette har da også gitt oss en indikasjon på hvor lav vannføringen i uregulerte elver kan bli. På Nottveit har vi satt opp en måledam og da jeg besøkte denne ved 2 anledninger midt på vinteren rant det

ikke vann over V-målet. Det var m.a.o mindre enn lekkasjen i demningen og det var hverken synlig vann eller hørbar klukking av rennende vann.

Videre, Gunnar Nottvedt har brønn oppe i elva ved riksveien og i vinter var det knapt nok hatt drikkevann i brønnen, slik at de måtte spare på vannet i Kamulen hytta i vinter. Mht drikkevann vil vi fra kraftverket lage en trykkreduksjonsventil i stasjonen og legge sikker vannforsyning derfra.

Med grunnlag i observasjonene de to siste vintrene, er det påvist at det ikke er årssikker vannføring i vassdraget og det er derfor ikke grunnlag for å pålegge krav til slipping av minstevannføring spesielt om vinteren i forbindelse med en konsesjon.

Jeg har videre vært i kontakt med BKK nett ved nettsjef Jan Arne Salhus denne uka, som sier at det vil være en fordel for nettstabiliteten dersom Nottveit kan bidra med reaktiv- og spenningsstabilisering spesielt om vinteren. Dette har vi til hensikt å gjennomføre, men for at dette skal fungere må kraftverket både kunne få konsesjon for reguleringene samt slippe å bli pålagt slipping av lavvannføring om vinteren.

Med hensyn til slipping av minstevannføring har utbygger følgende begrunnelse for ikke å bli pålagt slipping av minstevannføring:

A. Biologiske og visuelle moment

- a) Pålagt slipping av minstevannføring medfører et direkte tap for ethvert vannkraftverk og bør unngås dersom det ikke foreligger gode grunner for å pålegge krav til minstevannføring. Slike spesielle hensyn kan for eksempel være nærvær av sterkt truede arter som kan lide dersom det ikke slippes vann i spesielle perioder. Ifall det er slike tilfeller bør det klarlegges hvilke tider det er behov for minstevannføring samt hvor mye vann som er tilstrekkelig som avbøtende tiltak. Influensområdet for Nottveit består hovedsakelig av næringsfattige bergarter, og de registrerte artene i området er vanlig forekommende både lokalt og regionalt.
- b) Ifølge biologirapportene er det ikke påvist noen spesielle behov for å slippe minstevannføring, og det foreligger ingen begrunnete årsaker til at dette ut fra forekomster av truede arter, biologisk mangfold eller verdifulle naturtyper.
- c) I løpet av vinteren er det meste av den biologiske aktiviteten hovedsakelig i dvale og pålagt slipping av minstevannføring har derfor normalt liten eller ingen effekt på den årstiden.
- d) Mht det visuelle er elva generelt sett lite synlig i utbyggingsområdet bortsett fra akkurat ved veikrysingen. I løpet av vinterhalvåret vil elva være dekket av snø og is og vannføringen vil derfor som oftest være tildekket av snø og is og dermed ikke synlig.
- e) Utbygger kan også lage terskler i elva slik at den opprettholder noen vannspeil. Dette vil sikre at det er vann i elva på enkelte steder.
- f) Det er også et uregulert restfelt nedenfor inntaket som vil sikre en viss tilføring av vann til vannstrenget.
- g) ALF vil resultere i at den kunstige anadrome elvestrekningen vil kunne tørrlegges slik at dette forsøket vil kunne bli mislykket.

B. Teknisk drift samt energi

- h) Drift i hele vinterhalvåret vil hjelpe distribusjonsnettet til BKK nett med bl.a. spenningsstabilisering og balansering av reaktiv effekt.
- i) Det er en stor fordel for de fleste kraftstasjoner å gå om vinteren da det medvirker til at produksjonen holder stasjonen varm og man slipper eller får redusert fukt, is og frostproblemer.
- j) Vinteren er den perioden av året hvor det normalt er størst behov for energi både i Norge og i Europa.

C. Økonomi

k) Ved å slippe minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring bare om sommeren vil dette medføre et produksjonstap på ca. 0,6 GWh, og med ca. 0,40 kr per kWh i kraftpris pluss elsertifikater på ca. 0,20 kr per kWh, blir det et beregnet totalt tap på rundt 360 000 kr hvert år. Med en kalkulasjonsrente på 5 % gir dette da et nåverditap på rundt 7 mill kr.

Utbygger mener det ikke er fremlagt noe faglig begrunnet behov for pålagt slipping av minstevannføring verken sommer eller vinter.

Subsidiært, dersom NVE ser det tvingende nødvendig å pålegge krav om slipping av minstevannføring, så vil jeg med hensyn til vurdering av alminnelig minstevannføring i mindre elver og vassdrag, henvise til foredraget på PTK i 2009 fra Rein Husebø i Småkraft, hvor han viste til at vannføringen i små uregulerte elver hvor det bygges småkraftverk er vannføringen langt mer dynamisk enn resultatet gir ved å skalere vannmerkene. Dette blir hovedsakelig slik fordi små felt nesten alltid har langt mindre demping (selvregulering) og det innebærer at små elver har forholdsvis langt større flommer og relativt sett tilsvarende mindre lavvannføring i tørre perioder. Dette skyldes nok at småkraftverk som oftest anlegges i vassdrag med relativt små nedbørfelt, mens vannmerkene som oftest er fra langt større felt. Dette medføre da at småkraftverkene får estimert en langt større alminnelig lavvannføring enn hva som virkelig er tilfelle. Ut fra de observasjonene som er gjort later dette til å være spesielt merkbart i Nottveitvelva og dette bør det derfor også tas spesielt hensyn til dersom det mot formodning settes krav til pålagt slipping av minstevannføring i deler av året.

Når det gjelder andre kraftverk med tilsvarende høringsuttalelser av nyere dato kan her nevnes følgende prosjekt som har fått redusert pålegg av slipping av alminnelig lavvannføring (ALF) :

- 1) Heimseta kraftverk fikk kun pålagt slipping i sommerperioden 1/5 til 30/9 og ingenting om vinteren.
- 2) Kaupanger 3 kraftverk fikk kun pålagt slipping av halv ALF om vinteren og ALF om sommeren.
- 3) Nydalselva kraftverk fikk kun pålagt slipping i sommerperioden 1/5 til 30/9 og ingenting om vinteren.
- 4) NVE har i sin innstilling til Smibelg/Storåvatn kraftverk foreslått null (0) ALF hele året."

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

Nottveit Energi (SUS) er eit privat selskap eigmeldt av grunn- og fallrettseigarar i Nottveitvelva. Formålet med selskapet er å utnytte vassressursen i vassdraget.

Om søknaden

Det vert søkt om konsesjon etter § 8 i vassressurslova for bygging og drift av Nottveit kraftverk. Det vert vidare søkt om å ta i bruk alminneleg lågvassføring til energiproduksjon.

Søknaden omfattar også løyve til regulering av Øvre Sætervatn på kote 783,5 og Nedre Sætervatn på kote 690 med høvesvis 2 og 4 m. Reguleringane er ein kombinasjon av senking og oppdemming.

I planomtalen er det framstilt ei overføring av elva frå Storebotn på om lag kote 330 til Nottveitvelva via ein open kanal med lengde omkring 400 m. Overføringa er ikkje direkte omsøkt, og NVE finn ikkje grunnlag for å handsame spørsmålet ettersom det kan sjå ut til at det berre er fylkeskommunen som har oppfatta denne som ein del av det omsøkte tiltaket. Det kan elles sjå ut til at overføringa gjev lite ekstra energiproduksjon i anlegget samstundes som den vil gje ein del terrenginngrep.

Skildring av området

Nottveitvelva har sitt utspring i fjellområda omkring 950 m over havet på nordsida av Romarheimsfjorden og Mostraumen. Nedbørfeltet har få innsjørar, men Øvre Sætervatn skil seg ut med ein viss storleik.

Nedbørfeltet inneheld fleire mindre vatn/tjern og myrområde, og elva renn dels i ope fjellandskap ned til Tverrbotnen. Herifrå fell den bratt ned mot Nottveitsætra før den renn i eit relativt flatt lausmasse- og myrområde fram til det planlagde inntaket.

Jordmonnet i fjellområdet er tynt, og fleire stadar er det bart fjell som utgjer terrengeoverflata. Vegetasjonen ovanfor inntaket er lauv- og furuskog med bærlyng. Over skoggrensa er vegetasjonen dominert av fjellvegetasjon av gras- og lyngartar.

Frå inntaksområdet renn elva i eit bratt og trøngt gjel ned til Nottveit før den går med jamt fall i lausmasseavsetninga dei siste 250 m ned til fjorden.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Det er få inngrep i Nottveitvelva utover at fylkesvegen mellom Mo og Romarheim kryssar elva i nedre del. Langs jordbruksarealet på den korte elvestrekninga frå gjelet og ned mot fjorden har det tidlegare vore utført flaumsikringstiltak.

Elva har på same strekning frå 1930/40-talet blitt nytta i eit mikrokraftverk for å skaffe straum til husstandane på Nottveit. Kraftstasjonen blei fasa ut i samband med elektrifiseringa av gredene langs fjorden, men kraftstasjonsbygningen med ustyr står framleis ved elva. Det finst også restar av eit kvernhus ved elva.

Teknisk plan

Reguleringar

Det er planlagt regulering av Øvre Sætervatnet mellom HRV kote 783,5 og LRV kote 781,5. I forhold til normalvasstanden på kote 783 inneber dette 0,5 m oppdemming og 1,5 m senking.

Nedre Sætervatnet på kote 690 er planlagt med HRV kote 692 og LRV kote 688, dvs 2 m senking og 2 m oppdemming.

I begge vatna, som har relativt trønge utløp, er reguleringa planlagt ved å retablere gamle demningar/tersklar som opprinneleg er bygd av naturstein. Det skal byggast rørtappeløp gjennom demningane/tersklane. Som følgje av at senking utgjer ein del av planlagd reguleringshøgd må det gjennomførast kanalisering/utsprenging for tapperør like nedstraums dammane. Vidare må det pårekna terrengeinngrep knytt til massetak for byggmateriale til dammane og riggareal for utstyr.

Inntak

Inntaket for Nottveit kraftverk er plassert i sørenden av ei relativt flat elvestrekning der elva byrjar å renne i bratt terrenget ned til Nottveit. I søknaden er det foresett at dammen blir liggande på omkring kote 295 med overløp på kote 300. Største høgde på dammen vert 6-7 m med ei lengde på rundt 15 m. Damkonstruksjonen skal byggast av betong. Som følgje av det flate terrenget ovanfor dammen vil inntaksbassenget demme ned eit skogs- og myrareal på omkring 30 daa.

Opprinneleg var det planlagt å regulere vasstanden i inntaket med 3 m, men gjennom planendring vert det no foreslege å senke vasstanden i inntaksbassenget med intil 2 m i tørkeperiodar.

Rørgate

I hovudsøknaden er rørgata planlagt gravd ned på ei strekning rundt 1800 m. Traseen ligg på vestsida av Nottveitelva og vil av terrengmessige årsaker bli ført bort frå elva. Rørgata vil i hovudsak følge eksisterande sti frå området ved inntaket og ned til fylkesvegen og krysse denne og elva frå Storebotnen før den går ned mot fjorden.

Dimensjonen på rørgata er 950 mm.

Det er som eit alternativ fremja ei løysing med deler av vassvegen i tunnel med tverrsnitt på 1000 mm frå om lag kote 215 og på ei strekning på 570 m ned til Nottveit. Ovanfor kote 215 er det føresett nedgraving av rørgata etter same trasé som hovedalternativet. NVE legg dette siste alternativet til grunn i si vidare vurdering.

Kraftstasjon

I søknaden er kraftstasjonen plassert i Fagervika om lag 600 m vest for Nottveitelva sitt utløp i fjorden. Tomta er bratt med fjellgrunn og må utplanerast med sprenging for å få plassert bygningen.

I stasjonen skal det plasserast eit aggregat med maksimal slukeevne på $1,42 \text{ m}^3/\text{s}$ og installert effekt på inntil 3,5 MW. Utløpet er planlagt på kote 3.

Alternativet med nedre del av vassvegen i fjell medfører at kraftstasjonen vert flytta på ny tomt inntil Nottveitelva med tilbakeføring av driftsvatnet til elva. I dette alternativet vert maksimal slukeevne auka til $2 \text{ m}^3/\text{s}$ med installert effekt på 5 MW. Søkjar har opplyst at utløpet frå kraftverket vi kome ut i Nottveitelva mellom kote 5 og 10.

Det er fremja ytterlegare eit alternativ med plassering av kraftstasjonen i fjell like vest for Nottveitelva. Det må etablerast ein tilkomsttunnel i 100 m lengd under fylkesvegen og inn i fjellet og sprengast ut ein fjellhall med eit volum på 2000 m^3 . NVE legg til grunn at maskinutrustninga gjeld eit aggregat med makismal slukeevne på $2,0 \text{ m}^3/\text{s}$ og effekt på 5 MW.

NVE meiner at val mellom dei to alternativa med plassering av stasjon enten i dagen eller fjell, og nedre del av vassveg i fjell er noko som kan endeleg avklarast i ei ev. godkjenning av detaljplanar for anlegget.

Elektriske anlegg

Kraftverket vil gjennom ei 400 m lang luftlinje bli knytt til eksisterande 22 kV kraftlinje som kryssar Mofjorden ved Nottveit.

Vegar

Reguleringsanlegga ved Øvre og Nedre Sætervatn vert etablert utan veg tilkomst, til dømes med bruk av helikopter.

Fra fylkesvegen er det planlagt anleggsveg på 1300 m langs rørgata opp til inntaket og 300 m driftsveg ned til kraftstasjonen i Fagervika.

Med plassering av kraftstasjonen som daganlegg eller fjellanlegg ved Nottveitelva vil det bli ein kortare driftsveg fram til kraftstasjonstomta frå fylkesvegen. Det vert lagt til grunn at det skal etablerast anleggsveg opp til inntaket uavhengig av dei fremja alternativa for plassering av kraftstasjonen.

Massetak og deponi

Utover å nytte overskotsmassar til vegbygging er det skissert ei løysing med massetak innanfor arealet som vert neddemt i inntaksbassenget.

Trangen for massedeponi vil oppstå særleg med alternativet med kraftstasjon i fjell. Det vert foreslege å bruke overskotsmassar lokalt på Nottveit til opprusting av vegar i tillegg til plassering i dalsøkk for utplanering/arrondering av jordbruksareal.

Hydrologisk grunnlag

Hydrologiske tal framstilt under hovuddata for Nottveit kraftverk bygger på data frå vassmerke 062.18 Svartavatn ved Dale i Hordaland.

Søkjar har i e-post av 28.09.2011 kome med nytt hydrologisk grunnlag basert på VM 061.7 Sedal ved Vaksdal i Hordaland.

Kraftverket utnyttar eit nedbørfelt på 7,4 km² ved inntaket, og middelvassføringa er utrekna til 0,94 m³/s. Effektiv innsjøprosent er 3,5 %. Lågaste vassføring opptrer gjerne om vinteren og seinsommaren. Både 5-persentil sommar- og vintervassføring er utrekna til 17 l/s. Alminneleg lågvassføring for vassdraget er også utrekna til 17 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 2,0 m³/s og minste slukeevne 0,02 m³/s. Det er ikkje foreslege minstevassføring. I følgje tilsendt hydrologisk grunnlag vil dette medføre at ca. 85 % av tilgjengelig vassmengde kan nyttast til kraftproduksjon.

NVE har kontrollert det hydrologiske grunnlaget frå september 2011 og kome til at 5-persentil sommar og vinter er høvesvis 68 l/s og 30 l/s, medan alminneleg lågvassføring er 33 l/s. Det er såleis eit avvik i forhold til søkjar sine tal.

Produksjon og kostnader

Med slukeevne på høvesvis 1,42 og 2,0 m³/s har søkjar utrekna gjennomsnittleg kraftproduksjon i Nottveit kraftverk til ca. 15,7 og 18 GWh med ei fordeling på 47 % vinterproduksjon og 53 % sommarproduksjon.

Med utgangspunkt i VM 061.7 Sedal er det oppgitt nyttbar vassmengde på 25,5 mill m³. Med energiekvivalent på 0,535 kWh/m³ gjev dette i følgje søker ein årsproduksjon på omkring 13,6 GWh. NVE oppfatter dette slik at dette tallet også innebærer de omsøkte reguleringane som tidligere er utrekna til 1,75 GWh/år.

Byggekostnadene pr september 2008 er estimert til 42,6 mill. kr. Dette gjev ein utbyggingspris på 2,36 kr/kWh ved ein produksjon på 18 GWh. Med årsproduksjon på 13,6 GWh vert utbyggingsprisen 3,13 kr kWh.

Det vil vere søkjar sitt ansvar å vurdere den bedriftsøkonomiske lønsemnda i prosjektet.

Arealbruk og egedomsforhold

Arealbruken gjeld i hovudsak skogs- og beiteareal til inntak, rørgate, kraftstasjonstomt og anleggsvegar. Totalt utgjer dette omkring 9,5 daa. I tillegg vil neddemming av areal i inntaksmagasinet omdisponere ca. 30 daa skogsmark.

Det er ikkje gjort utrekningar for storleiken på arealet som vert påverka av reguleringane i Øvre og Nedre Sætervatn. Store deler av terrenget som går inntil vatna er bratt fjellterring, slik at ved omsøkte regulering vil det vere marginale areal som vert påverka av ei oppdemming, men ei senking av vatna

på 1,5 m og 2 m for høvesvis Øvre og Nedre Sætervatn vil også blottlegge ein del areal utan at storleiken er oppgjeve frå søkjar.

Areal og fallrettar på omsøkte utbyggingsstrekning ligg til grunneigarar som står bak søknaden. Ein gjennomgang av grunneigedomsdatabase syner at Øvre og Nedre Sætervatn ligg i eit sameige.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan

Tiltaksområdet ligg i LNF-område i kommuneplanen for Modalen.

Samla plan (SP)

Ei utbygging av Nottveitelva er skildra i vassdragsrapport nr 25 frå 1999 med eit alternativ som inneber overføring av elva Eitro ettersom dette vart meir økonomisk gunstig enn separat utbygging av dei to vassdraga. Alternativet er plassert i kategori 1 og har ein estimert produksjon på omkring 27 GWh der Nottveit saman med bekken frå Storebotn står for 14 GWh.

Ettersom det vil vere mogleg med ei eventuell separatutbygging av Eitroelva med energievinst tilnærma som i SP-prosjektet har NVE ut frå ei ressursmessig vurdering ikkje merknader til at SP-prosjektet vert delt opp.

Verneplan for vassdrag og andre verneområde

Vassdraget går ikkje inn verneplan for vassdrag eller andre verneområde.

Inngrepstilfelle (INON)

Etablering av magasin i Øvre og Nedre Sætervatn vil påverke INON-areal sone 2, dvs 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, med ca. 3,7 km². I tillegg vil inntaket påverke same type INON-areal med 2,05 km². Total storlek på INON-arealalet er ca. 30 km²

Nasjonale laksevassdrag

Nottveitelva inngår ikkje i nasjonale laksevassdrag

Fylkesdelplan for småkraftverk

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd fylkesdelplan for små vasskraftverk, og for delområde Modalen – Eksingedalen er det for Nottveit spesifikt peika på interesser knytt til kulturlandskap med gardmiljø, naust og gamalt kraftverk.

Høyring og distrikthandsaming

Søknaden er handsama etter reglene i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg er søknaden sendt til regionale og lokale styresmakter, interesseorganisasjonar og involverte parter for uttale. NVE har gjennomført sluttsynfaring med søkjar og uttalepartar på utbyggingsstrekninga. For Øvre og Nedre Sætervatn er det gjennomført synfaring med helikopter. Høyningsfråsegnene er lagt fram for søkjar for kommentar.

Modalen kommune er positive til tiltaket og meinar ei utbygging med planlagd anleggsveg også vil gjere det mogeleg med uttak av skogressursar. Kommunen peikar på at det bør undersøkjast nærmare om vassdraget er fiskeførande, og at det må sleppast ei minstevassføring på utbyggingsstrekninga.

Hordaland fylkeskommune meinar utbygginga ikkje vil kome i større konflikt med viktige regionale verdiar og kan såleis gjennomførast. Fylkeskommunen ønskjer likevel at det vert sett nærmare på om det er naudsynt med regulering av Øvre og Nedre Sætervatn og ev. trong for slepp av minstevassføring. Vidare må undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova stettast før eventuelt anleggsarbeid vert starta opp.

Fylkesmannen i Hordaland frårar at det vert gjeve løyve i den form prosjektet er søkt om. Dersom det likevel vert vurdert å gje konsesjon peikar Fylkesmannen på at reguleringa av Øvre og Nedre Sætervatn må takast ut og inntaket må flyttast for å unngå neddemming av eit større skog- og myrareal. Vidare seier Fylkesmannen at det må sleppast minstevassføring på utbyggingsstrekninga og driftsvatnet må sleppast ut att i elva ovanfor mogeleg sjøaureførande strekning. Vidare må det setjast inn forbisleppingsventil av omsyn til fiskeførande strekning.

Statens vegvesen minner om at avkøyringar frå riksvegen må tilfredstille tekniske krav i vegnormalane, og at avkøyringane skal vere opparbeidde før anleggsarbeidet tek til.

Bergen Turlag viser til det relativt store tapet av INON-areal sone 2 på $5,75 \text{ km}^2$ og meinar dette åleine bør tilseie avslag på søknaden. Turlaget peikar vidare på at omtalen av verknaden for friluftsliv ikkje er tilfredstillande omtalt i søknaden. Turlaget saknar ei vurdering av eit utsyggsalternativ der regulering av Øvre og Nedre Sætervatn er teke ut av planane. Dersom det blir gjeve konsesjon meinar Turlaget at det må setjast krav til minstevassføring.

Tiltaket sine verknader - fordelar og skader/ulemper

Nedanfor er det gjeve ei oversikt over kva NVE vurderer som dei viktigaste fordelane og skadene/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordeler

- Prosjektet vil i følgje søknaden ved den mest omfattande utbygginga gje inntil 18 GWh/år fornybar energi. Med avrenningstal frå Sedal vassmerke, som NVE meinar er meir samsvarande med nedbørfeltet til Nottveitelva, vert produksjonen ca. 13,6 GWh/år.
- Tiltaket utnyttar ein lokal ressurs som medfører lokal aktivitet i anleggsperioden og langsiktig verdiskaping
- Tiltaket genererer skatteinntekter til samfunnet

Ulemper

- Ei utbygging vil medføre sterkt redusert vassføring på om lag 1 km av nedre del av Nottveitelva
- Inntaksdam medfører neddemming av ca. 30 daa skogs- og myrareal
- Nedgravd rørgate i øvre del medfører varige terrenginngrep som følgje av sprenging i sidebratt terrenget
- Tiltaket vil redusere eit INON-opmråde sone 2 med ca. $5,75 \text{ km}^2$

NVE si vurdering

Hydrologiske verknader

Med ei maksimal slukeevne i kraftverket i overkant av 200 % av middelvassføringa og inga minstevassføring på utbyggingsstrekninga, vil dette medføre tørt elveløp rett nedstraums inntaket. Vassføring vil førekome ved overløp som er utrekna til i overkant av 40 dagar i år med midlare avrenning. Det meste av dette vil kome i flaumperioder. Dei største flaumvassføringane blir i liten grad påverka av utbygginga. Overslag viser at i overkant av 70 dagar i midlare år vil vassføringa vere under minste slukeevne. Kraftstasjonen må stoppast og heile tilsiget må sleppast forbi inntaket bortsett frå det som ev. vert lagra i magasina. Dersom reguleringa berre vert nytta med eit fast åpent røyr vil ikkje dette gje utslag. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt tilføre utbyggingsstrekninga 33 l/s ved kraftstasjonen.

Etter NVE si vurdering vil omsøkte slukeevne påverke naturleg vassføringsvariasjon og –dynamikk i vassdraget.

Regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætervatn

Det er planlagt regulering av Øvre og Nedre Sætervatn med høvesvis 2 m og 4 m. Fylkesmannen og Bergen Turlag meinar reguleringa bør utelatast frå prosjektet ettersom det står for ein vesentleg del av tapet av INON-areal og vil påverke landskapsinteressene. Av totalt 5,75 km² påverka INON-areal sone 2 utgjer tiltaka i Øvre og Nedre Sætervatn 3,7 km². Fylkeskommunen uttrykker òg ei viss tvil om det er naudsynt med reguleringar i fjellområda.

Øvre Sætervatn har eit vassareal på om lag 106 daa og Nedre Sætervatn ca. 22 daa. Begge reguleringane er ein kombinasjon av senking og oppdemming, og vasstanden vil såleis gå utover naturleg vasstandsvariasjon. Terrenget inntil vatna er stadvis bratt strandsone av fjellgrunn/-skrentar. Botnen i vatna er ikkje kartlagt, men NVE vurderer det som mest sannsynleg at omsøkte reguleringar vil påverke relativt marginale areal i begge vatna.

Ei senking av Øvre Sætervatn med 1,5 m og Nedre Sætervatn med 2 m inneber derimot relativt omfattande tiltak med utgraving/sprenging i utløpet av begge vatna. I tillegg vert det naudsynt med dammar som får ei høgd minst tilsvarande reguleringshøgda. Etter vårt syn vert det omfattande inngrep både i terrenget og bygningsteknisk for å oppnå planlagd regulering. Bruk av stadlege massar/stein for å sikre dammane vil forsterke inngrepet ytterlegare i fjellområdet.

I utløpet av Øvre Sætervatn kan ein sjå restane av ein gammal steindam som tidlegare blei brukt for å halde noko av flaumvatnet tilbake for bruk i tørre periodar. Tiltaket som no er planlagt har, slik NVE vurderer det, eit heilt anna inngrepsomfang, og NVE finn ikkje å kunne tillegge ei slik tidlegare utnytting vekt.

NVE vil vidare merke at det i søknaden ikkje er tilstrekkeleg klarlagt kven som har eigedoms- og råderett over Øvre og Nedre Sætervatn, dvs om dette er garden Nottveit åleine eller om det er andre medeigarar. På førespurnad kjem det fram at også Modalen kommune er usikre på eigedomstilhøva. Ein gjennomgang i eigedomsdatabase viser at areala inn til vatna er kartfesta som eit sameige. NVE har ikkje funne grunnlag for å avklare nærmare kva eigedomar som inngår i sameiget. Dette vil vere eit privatrettsleg tilhøve som ligg til partane å avklare dersom det vert gjeve konsesjon til reguleringane.

Det er opplyst at reguleringane samla vil gje eit reguleringsvolum på 206 000 m³ og framskaffe om lag 1,75 GWh/år. NVE vil merke at reguleringsvolumet må tappast i minst 3 km i elveløp og 400

høgdemeter før det vert teke inn i kraftverksinntaket. Nedre Sætervatn har minst reguleringsvolum og med manuell styring av tappeanordning må det pårekna ukontrollerte flaumoverløp over dammen og ned til kraftverksinntaket. Det er såleis usikkert om det vert oppnådd ønskt effekt av reguleringa i Nedre Sætervatn.

Planlagde reguleringar i Øvre og Nedre Sætervatn med bygging av tilhøyrande dammar vil bli eit inngrep godt inne i eit INON-areal sone 2, og i eit fjellområde som i dagens situasjon må vurderast som urørt med unntak av ei 22-kV kraftlinje som går gjennom området.

Energien som blir innvunne ved reguleringa utgjer rundt 10 % av produksjonen i Nottveit kraftverk, og etter vår vurdering er dette avgrensa og står ikkje i forhold til reguleringsomfanget i vatna og nødvendige terrengeinngrep for å bygge nødvendige dammar. NVE vektlegg også at reguleringane vil bli liggande i midtre deler av eit samanhengende INON-område sone.

Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Fråføring av vatn både i Nottveitelva vil medføre at det attverande vatnet i elvane i større grad blir påverka av lufttemperaturen i dagens situasjon.

Det må forventast at vasstemperaturen på påverka elvestrekningar kan bli høgare om sommaren i kulpar med tilnærma stilleståande vatn, medan det om vinteren vil frys raskare til.

Driftsvatnet frå kraftverket, som vil vere styrt av tilsiget til ei kvar tid, vil etter vår vurdering berre gje marginale endringar i vasstemperaturen og såleis ikkje påverke elvestrekninga nedstraums.

NVE kan ikkje sjå at tiltaket vil gje større endringar i lokalklimatiske tilhøve.

Biologisk mangfald og viktige naturområde

Det er utarbeidd eigen fagrappport om verknader for biologisk mangfald.

Det vert peika på artsrik, men ikkje uvanleg flora i dei lågareliggende delane av tiltaksområdet. Det er ikkje funne raudlistearta vegetasjonstypar i tiltaksområdet. I samband med naturtypekartlegging i Modalen kommune er det på Nottveit registrert rik edellauvskog. Edellauvskogen strekkjer seg austover frå Nottveitelva og vert ikkje direkte råka av planlagde tiltak.

Fylkesmannen peikar på at topografi i området ikkje indikerer at det finst ein særegen og vasstilknytta flora langs den aktuelle utbyggingsstrekninga.

Fugle- og dyrefaunaen vert i rapporten vurdert til å vere middels rik. Raudlisteartar av fugl er spesielt knytt til hønsehauk, hubro, kvitryggspett og kongeørn. Ingen av artane kan knytast direkte til vasstrengen, men rovfuglane brukar tiltaks- og influensområdet som nærings- og søkeareal, og kan såleis bli påverka, særleg i ein eventuell anleggsfase.

Av pattedyr finn ein først og fremst hjort som er på trekk, men som også kan overvintrie i granfelta i lia opp til inntaket. Elles har området det meir vanlege småviltet som rev, mår, hare og ulike smågnagarar. Dyreartane vil i første rekke bli forstyrra og kan trekke ut av området i samband med anleggsdrift, men leveområda vil ikkje bli permanent øydelagde.

På bakgrunn av gjennomgang av naturdatabasen føreligg det frå 2009 rapport om Nottveitelva der det er gjort registrering av naturtypen bekkekloft på utbyggingsstrekninga. Av rapporten framgår det at Nottveitelva inneheld dei fleste av dei eigenskapane som kjenneteiknar naturtypen og arts mangfaldet er middels rikt. Raudlistearten kystvortelav er registrert på eik i området aust for elva, og denne vert rekna som sårbar. Verdien av bekkeklofta er vurdert til å ligge mellom regionalt og nasjonalt viktig.

NVE vurderer foreliggende rapportar som tilstrekkeleg for biologisk mangfald og vurderer kravet etter biomangfaldlova § 8 som oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget bygger på konkrete registreringar i tiltaksarealet og tilgrensande område. NVE vil elles merke at raudlistearten ikkje er direkte knytt til elva og vassføringa i denne, men truleg meir til lokalklimatiske tilhøve.

Fisk og ferskvassbiologi

I søknaden og rapport om biologisk mangfald er det opplyst at Nottveitvelva ikkje er fiskeførande.

Fylkesmannen stiller spørsmål ved dette på grunnlag av innsjøane Øvre og Nedre Sætervatn, og meinar det må gjennomførast fiskebiologiske undersøkingar for å klarlegge dette nærmare.

Fylkesmannen meinar også det er eit potensiale for sjørret i nedre del av elva.

Det er stor variasjon i vassføringa i Nottveitvelva gjennom året, og dette tilseier at levevilkåra for fisk kan vere svært dårleg både på ettersommaren, dersom det er lite nedbør, og i vintermånader med frostperiodar. Frå fylkesvegen og ned til fjorden er det grovere lausmasser, og ved små vassføringar vil vatnet i stor grad forsvinne i elvegrunnen. Samstundes medfører lausmassane at elvebotnen er ustabil i flaumsituasjonar. Ein kan ikkje sjå bort frå at sjøaure går opp i nedre del av elva under gitte vassføringar, men dette er i tilfelle hovudsakleg avgrensa til elvestrekninga nedstraums kraftverksutløpet.

Etter vår vurdering kan det ikkje utelukkast at det finst fisk i Øvre/Nedre Sætervatn og at denne kan sleppe seg nedover vassdraget og ha tilhald i kulpar. Mellom Nottveitsætra og inntaksområdet er elva relativt flat med større vassdekt areal i elvestrengen. Ved lita vassføringa vert dette vesentleg redusert og det finst få kulpar for fisken. På utbyggingsstrekninga nedover gjelet renn elva derimot i fleire kulpar der fisk kan ha tilhald. Ved langvarig frost må det likevel pårekna at desse blir tørre eller får tilført minimalt med vatn. Frå fylkesvegen og ned til fjorden renn elva i lausmassar. Ved lågvassføring vil vatnet for ein stor del forsvinne i lausmassane, medan lausmassane er utstabile ved større flaumvassføringar. Ved enkelte vassføringar går det truleg sjøaure oppover nedre del, men elvestrekninga er svært lite eigna for reproduksjon på grunn av naturgevne tilhøve. Dette peika også representanten fra Fylkesmannen på under sluttsynfaringa. Etter framlagde planendringar vil vatnet frå kraftverket bli sleppt ut ovanfor elveosen slik at den aller nedste strekninga vil ha nokolunde uendra tilhøve.

NVE meinar omsøkte tiltak i liten grad vil påverke fisken i vassdraget. Dersom reguleringane i Øvre Nedre Sætervatn ikkje vert gjennomført vil tiltaket ikkje påverke eventuell fisk i vatna.

Landskap

Inntaket om lag ved kote 295 er plassert i nedre endre av eit flatare skog og myrområde der elva startar å gå bratt ned gjennom gjelet til Nottveit. I søknaden er det opplyst at dammen med ei høgde på 6-7 m over elvebotnen vil medføre neddemming av om lag 30 daa skogsmark. Det er vidare planlagt ei regulering/tidvis senking av inntaksmagasinet med 2 m.

Oppdemminga får verknad relativt langt oppover den flate delen av elva og vil demme ned mesteparten av skogs- og myrområdet. Mot nordvest vil inntaksbassenget få udefinerte grenser, og ved reguleringa vil myrarealet veksle mellom å vere neddemt og ligge blottlagt. På bakgrunn av opplysningane om tidvis lita vassføring i elva må det pårekna at inntaksbassenget utilsikta kan bli liggande nedsenka i lengre periodar, og NVE vurderer dette som negativt for landskapet.

Etter vårt syn vil planlagde plassering av dam på kote 295, med overløp på kote 300, saman med neddemming av 30 daa skogsmark medføre eit omfattande inngrep i landskapet der den nye

vasspegelen i inntaksbassenget vil ta i bruk største delen av dalsøkket som elva renn i. NVE finn det unaturleg å etablere eit så stort regulerbart inntaksmagasin for eit elvekraftverk, som har eit mindre nedbørfelt og der snøsmeltinga normalt er ferdig i løpet av juni månad.

For å redusere inngrepa meinar NVE at inntaksdammen må flyttast omlag 15 høgdemeter nedom planlagd damstad, ned til der det er ein naturleg avsats i elva for etablering av inntaksdam. Her vil det etter vårt syn ligge til rette for eit inntaksbasseng og ei ev. utsprenging slik at det vert etablert tilstrekkeleg vassvolum i inntaksbassenget. Den landskapsmessige verknaden vil bli monaleg redusert ved denne damplasseringa.

I opprinnelig søknad er rørgata planlagd nedgravd på heile strekninga mellom inntak og kraftstasjon. Gjennom planendring er det er lagt fram ei ønskjeleg alternativ plassering av kraftstasjon som fjellanlegg, ev. med kraftstasjon framleis som daganlegg. Dette inneber at også vassvegen blir liggande i fjell opp til kote 215, og derfrå som nedgravd rørgate fram til inntaket. NVE vurderer vassvegen i tunnel på deler av strekninga som positivt i forhold til å redusere landskapsinngrepet, men vil likevel merke at den delen av rørgata som skal gravast ned er planlagt i sidebratt terreng med lite overdekning av lausmassar.

Den planlagde anleggsvegen frå fylkesvegen og opp til inntaksområdet vil i hovudsak følgje traseen for eksisterande sti opp over lia. Anleggsvegen vil medføre moderate verknader for landskapet i nedre del, medan inngrepet blir meir omfattande langs den nedgravde delen av rørgata ettersom vegen må leggast med ei skjæring i terrenget. Anleggsvegen vert lite synleg frå fjorden og nærområdet.

NVE legg likevel til grunn at desse inngrepa kan avklarast og løysast på ein god måte gjennom handssaming av detaljplanar og oppfølgjing i byggjetida.

Friluftsliv

Bergen Turlag peikar på at friluftsliv ikkje er konsekvensvurdert av fagfolk og heller ikkje gjeve noko verdi.

Etter NVE si oppfatning er utøvinga av friluftsliv i området som blir påverka ved ei eventuell kraftutbygging først og fremst knytt til lokal bruk enten til dagsturar eller i samband med jakt. Den aktuelle utbyggingsstrekninga ligg ikkje inntil stiar og ligg slik til at det ikkje er naturleg med opphold langs elvestrekninga. Stien opp frå Nottveit viser også ein avgrensa bruk av området.

Plassering av inntaket på terregnkote ca 295 vil ved damstaden påverke stien inntil Nottveitsætra slik at denne må leggast om på ei kortare strekning. I tillegg vil ei neddemming påverke eit relativt flatt elveavsnitt som til ei viss grad ber preg av meandrering og er ein del av naturopplewinga. Ei flytting av inntaksdammen ned mot ca. kote 280 vil derfor også verke positivt for friluftslivet.

NVE vil elles merke at ein anleggsveg opp til inntaket kan opne opp for auka friluftsbruk og lettare tilkomst til fjellområdet ovanfor Nottveit.

Samla meiner NVE at verknadene for friluftslivet er akseptable og er ikkje avgjerande for sjølv konsesjonsvurderinga.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda eller nyare tids kulturminne i områda som blir påverka av tiltaket. Etter det som er opplyst skal det gamle kraftverket, som framstår relativt intakt, takast vare på.

På bakgrunn av dei planendringane som er fremja gjennom konsesjonsprosessen legg NVE til grunn at det vert teke kontakt med fylkeskommunen i forhold til areal som vert påverka som riggområde og deponi for tunnelmassar dersom det vert gjeve konsesjon til bygging av kraftverket.

Vasskvalitet, vassforsyningss- og recipientinteresser

I søknaden vert det opplyst at vassforsyningssinteresser ikkje vert råka av utbygginga. Utan overføring av elva frå Storebotnen er vi samde i denne vurderinga.

Konsekvensar av kraftlinje

Det er planlagt å knyte seg til eksisterande kraftlinje med ein omlag 400 m lang luftlinje. Denne vil i tilfelle påverke innmark/beitemark og vere utan sørlege konsekvensar for allmenne interesser.

Dersom plasseringa av kraftstasjonen i fjell medfører at det er mest tenleg med jordkabel fram til tilknytingspunktet vil heller ikkje dette påverke allmenne interesser.

Samla påverknad

Naturmangfoldlova har vor i kraft sidan 1. juli 2009. Lova fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar en rekke miljørettslege prinsipp, blant anna ”føre-var” prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla påverknad. Naturmangfoldlova legg føringar for styresmaktene der det vert gjeve løyve til anlegg som vil kunne få verknad for naturmangfaldet.

NVE legg til grunn §§ 4 - 5 og §§ 8 -12 i naturmangfaldlova. Det er i 2006 utarbeidd fagrappor om biologisk mangfald i tiltaks- og influensområdet som vert påverka av ei utbygging i Nottveitvelva. Rapporten byggjer på dågjeldande rettleiar utarbeidd av NVE. Rapporten er utarbeidd på bakgrunn av ei direkte undersøking knytt til utbyggingsprosjektet i Nottveitvelva og tidlegare miljøundersøkingar i Modalen kommune. Rapporten inneholder ikkje opplysningar om raudlisteartar eller prioriterte naturtypar, og det er heller ikkje kome inn opplysningar om slike frå fagstyremakt under høyringa av søknad med rapport. Det er seinare gjort funn av raudlisteart lav i influensområdet til tiltaket, men denne er ikkje direkte avhengig av vatn frå elva og vil ikkje bli påverka av eventuell anleggsverksemd. NVE legg difor til grunn at tiltaket ikkje vil vere i konflikt med naturmangfaldlova §§ 4 og 5. NVE meinar vidare at det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om tiltaket sin konsekvensar for naturmangfaldet, og at det heller ikkje ligg føre risiko for alvorleg eller irreversibel skade, jf §§ 8 og 9.

Det er tidlegare gjort flaumsikringstiltak i nedre del av Nottveitvelva, og i tilnærma same elveavsnittet kryssar fylkesvegen til Modalen vassdraget. Med omsøkte kraftutbygging er det NVE si vurdering at det totale omfang av tiltak i vassdraget ikkje påfører økosystem eller naturtypar slike tyngande inngrep at den samla påverknaden vert uakzeptabel, jf § 10. NVE ser det ikkje som sannsynleg at vassdraget blir utsett for ytterlegare inngrep på basis av kjende planar.

Ved eventuell konsesjon vert det fastsett konsesjonsvilkår og avbøtande tiltak. Desse skal synleggjera og innarbeidast i detaljplanane som igjen vert lagt til grunn for gjennomføringa av utbygginga. NVE meinar avbøtande tiltak saman med m.a. naturforvaltningsvilkår pålegg ein ev. konsesjonær kostnadene ved forringing av naturmangfaldet og detaljplanane ivaretak omsynet til miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, jf §§ 11 og 12.

Oppsummering

Ei utbygging etter omsøkt plan vil gje inntil 18 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon, men vil bli mindre som følgje av eit redusert prosjekt og nytt hydrologisk grunnlag som NVE meinar er meir i samsvar med dei faktiske avrenningsforholda i Nottveitvelva. Den korrigerte produksjonen ligg på ca.

13,6 GWh og er vanleg for småkraftverk. Isolert sett er ikkje dette eit vesentleg tilskot til fornybar energiproduksjon, men produksjonen har fleire positive sider lokal/regionalt og må sjåast i lys av den politiske satsinga på småkraftverk og fornybar energi der NVE i 2010 samla ga løyve til småkraftverk med ein produksjon på om lag 0,9 TWh/år.

NVE vektlegg å redusere omfanget av inngrepet ved å ta bort reguleringane i Øvre og Nedre Sætervatn. Energigevinsten ved regulering står etter vår mening ikkje i forhold til omfang og verknad av inngrepa som må gjennomførast. Reguleringane vil punktere eit samanhengande INON-areal sone 2 og overføringa medfører uforholdsmessige inngrep

Av negative verknader på utbyggingsstrekninga er det først og fremst fråføringa av vatn i store deler av året med endringar for det vasskologiske systemet og naturtypen bekkekløft. Noko av dette kan avhjelpast med avbøtande tiltak som krav om minstevassføring heile året.

Utan regulering av Øvre og Nedre Sætervatn og med krav om minstevassføring heile året vil kraftverket gje ein produksjon på ca. 11 GWh/år.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og innkomne uttalar meinar NVE at fordelane ved bygging av Nottveit kraftverk er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Nottveit Energi løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Nottveit kraftverk. Løyvet vert gjeve på nærmere fastsette vilkår.

NVE vurderer fordelane med regulering av Øvre Sætervatn og Nedre Sætrrevatn som mindre enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser. Kravet etter vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt, og NVE avslår den delen av søknaden som omfattar desse tiltaka.

NVE har ikkje vurdert overføring av elv frå Storebotnen.

Dette vedtaket gjelder berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

Nottveit Energi har framlagt planer om installasjon av elektrisk høyspentanlegg som inneber om lag 400 m luftlinje til eksisterande linjenett.

Verknadene av linjetilknytinga inngår i NVE si heilsapsvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

BKK er områdekonsesjonær, men det går ikkje klart fram av søknaden om selskapet skal bygge og drifta det elektriske anlegget. Det er opplyst at sokjar har vore i kontakt med områdekonsesjonær vedrørande nettilknyting, Dersom elektriske anlegg skal byggast og driftast av BKK er det ikkje naudsynt med eigen anleggskonsesjon etter energiloven for høgspenttilknyting til 22-kV nett. Nødvendige høgspentanlegg, inkludert transformering, kan byggjast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom Nottveit Energi likevel ønskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad til NVE når det er fastsett eksakt storleik på elektriske installasjoner.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknyting er på plass før byggestart. NVE vil ikkje handsame detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik

dokumentasjon må leggast fram samstundes med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. post 4 i konsesjonsvilkåra.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Vasslepping

Data for vassføring og slukeevne er henta frå tilleggsopplysningar om hydrologi frå søkjær av oktober 2011. Data om alminneleg lågvassføring og 5-persentilar byggjer på korrigering etter intern gjennomgang i NVE. Desse vert lagt til grunn for NVE si fastsetjing av minstevassføring:

Middelvassføring	l/s	947
Alminneleg lågvassføring	l/s	33
5-persentil sommer	l/s	68
5-persentil vinter	l/s	30
Største slukeevne	l/s	2000
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	211
Minste slukeevne	l/s	20

Tiltakshaver søker om å bruke alminneleg lågvassføring i kraftverket, og viser til at effekten av minstevassføringa med omsyn til miljø- og brukerinteresser er liten i Nottveitelia. Høyningspartane peikar på at det må sleppast ei minstevassføring, og Fylkesmannen foreslår at minstevassføringa bør utgjere det doble av alminneleg lågvassføring.

Nottveitelia må karakteriserast som ei flaumelv med i stor grad momentan reaksjon på nedbør. NVE finn det også sannsynleg både ut frå det hydrologiske grunnlaget og bilet dokumentasjon at vassdraget både på ettersommaren/haust og midtvinters kan framstå som tilnærma tørr. NVE meinar likevel at dette ikkje er tilstrekkeleg for å unngå slepping av minstevassføring i elva og viser til at vassressurslova har som hovudregel at minst alminneleg lågvassføring skal vere attende i eit vassdrag. Sjølv om det ikkje er påvist raudlisteartar som er direkte avhengig av vassføring i Nottveitelia vil det vasstilknytta naturmiljøet i og langs elva ha nytte av ei minimumsvassføring gjennom året. NVE vektlegg også at den relativt store slukeevne i kraftverket vil medføre tilnærma tørrlegging i store deler av året utan slepping av minstevassføring. På utbyggingsstrekninga er det lite tilsig frå bekkar i restfeltet utan om nedbørsperiodane.

Ut frå dette fastset NVE at det skal sleppast ei tiligsavhengig minstevassføring forbi inntaksdammen på 70 l/s i tida 1. april til 30. september og 30 l/s resten av året. Med energiekvivalent på 0,535 kWh/m³ gjev dette ein redusert produksjon på rundt 0,6 GWh/år. Dette er etter vårt syn akseptabelt i forhold til å oppretthalde ei minimumsvassføring for naturmiljøet.

Det skal etablerast målesystem for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av minstevassføringa skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggast fram for NVE på førespurnad og elles lagrast så lenge anlegget er i drift.

Ved målepunktet for minstevassføringa skal det på eigna stad setjast opp skilt med opplysning om storleiken på minstevassføringa. NVE skal godkjenne merking og utforming og plassering av informasjonsskilt.

NVE meiner at den nedre delen av Nottveitelva ikkje har tilhøve som gjer at den ikkje er egna som leve- eller oppvekstområde for sjøaure. Vi finn difor ikkje grunn til å sette krav om at det skal installerast omløpsventil i kraftverket.

NVE presiserer at det ikkje skal foregå start-/stoppkjøring av kraftverket, som skal driftast jamnt og i takt med tilsiget.

Dersom tilsiget er mindre enn kravet til minstevassføring skal heile tilsiget sleppast forbi inntaksdammen.

Post 4: Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m.v.

NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart, jf. våre merknader ovanfor under avsnittet "Forholdet til energilova".

NVE har gitt konsesjon på følgjande føresetnader:

Inntak (kote)	Ned mot terregnkote 280
Kraftstasjon (kote)	Mellom kote 5 og 15. Kraftstasjon i dagen eller fjell skal avklarast som del av detaljplanane.
Største slukeevne	2000 l/s
Minste slukeevne	20 l/s
Vassveg	Øvre del nedgravd til ca kote 215. Resten bora vassveg i fjell
Veg	Permanent veg til inntak

Detaljerte planer for landskap/miljø og tekniske planar for dam/trykkrør skal godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gong.

Inntaket skal flyttast ca. 15 høgdemeter ned frå omsøkte inntak som var på kote 295, til naturleg avsats i elva ca. på kote 280. Endeleg plassering av inntaksdam og damhøgde skal skje gjennom detaljplanen når det ligg føre eit meir detaljert kart.

Endeleg plassering av kraftstasjonen skal gjerast i detaljplanen på bakgrunn av at det er nær samanheng mellom påhogg for tilkomsttunnel til kraftstasjon og fjellhallen dersom det vert fjellanlegg. Alternativt kan stasjonen leggjast i dagen slik som skissert i brev av 29.09.2008.

Vidare skal overskotsmassar frå fjellanlegget endeleg godkjennast i detaljplanen og ligge innanfor områda som er skissert i vedlegg 2 i brev av 3.mai 2010 frå Nottveit Energi.

Detaljplanen skal også omfatte løysing for omlegging sti forbi inntaksdam dersom denne vert påverka.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning vert teke med i konsesjonen sjølv om det i dag er lite aktuelt å pålegge ytterligare avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknaden av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

Hordaland fylkeskommune set krav om at undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova skal vere oppfylt før anleggsstart. NVE føreset at utbyggar tek naudsynt kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminneloven § 9 før inn sending av detaljplan for landskap/miljø. Vi minner vidare om den generelle aktsemplslikta med krav om varsling av aktuelle instansar dersom det vert oppdaga kulturminne i byggefase, jf. kulturminnelova § 8.

Post 8: Tersklar m.m.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar/andre biotopjusterande tiltak, eller andre forbyggande/avbøtande tiltak, dersom dette vert naudsynt.

Andre merknader

”Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker” gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdelen i kommuneplanen, eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan iverksetjast.

Det må søkjast til Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter forureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje mynde til å gje vilkår etter forurensningsloven.

Vidare må Statens vegvesen kontaktast i høve til avkørsle til offentleg veg, jf merknad frå etaten.

Forholdet til EU sitt vassrammedirektiv

NVE har ved vurderinga av om det skal gjevast konsesjon etter vassressurslova § 8 gjort ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørande ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle praktisk gjennomførbare tiltak som vil kunne redusere skadane og ulempene ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som vert vurdert som eigna til å avbøte ei negativ utvikling i vassforekomsten, herunder krav om minstevassføring og standardvilkår. Desse gjev vassdragsstyremaktene, herunder DN/Fylkesmannen etter post 5 i vilkåra, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre forholda i det påverka vassdraget. NVE har vurdert samfunnssnytten av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at formålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje kan framskaffast på annan måte og som er vesentleg betre for miljøet. Det er vurdert både mogeleg teknisk gjennomføring og kostnader.